



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjene på Osterøy

Lonevågen 5, 5282 Lonevåg

56978830/post.osteroy@kyrkja.no

REGLAR FOR LEIGE AV KYRKJEROMMET – KYRKJENE PÅ OSTERØY

Gjeldande frå 1.12.2025

Dette reglementet gjeld for utleige av kyrkjerommet i dei enkelte kyrkjene.

Reglar om bruk av kyrkjene fastsett av Kyrkjemøtet 13. april 2024. Kapittel 1.

Alminnelege avgjersler § 1. Formål

Kyrkja er vigsla til bruk for gudstenester og kyrkjelege handlingar og skal gjennom sitt bruk tene til Guds ære og soknets oppbygging. Gjennom forkynning av Guds ord, forvaltning av sakramentane og annan kyrkjeleg verksemd, er kyrkja den sentrale samlingsstad for soknet sitt gudstenestlege og religiøse liv. Formålet er å gje reglar for kva kyrkjene kan brukast til, kven som kan bruke kyrkja og kven som har beslutningsmynde til å låne ut kyrkja.

§4 Generelle avgjersler

Kyrkjas formål er bestemmande for avgjersler om bruk av kyrkjene, jf. §1.

Bruken av kyrkja er underlagt biskopens tilsyn.

Kyrkja med tilbehør skal behandlast forsvarleg og med respekt.

Kyrkja må ikkje brukast til politisk møte eller verksemd.

Kyrkja må ikkje brukast til kommersielle formål.

Kyrkjerommet kan ikkje brukast av ikkje-kristne trus- og livssynssamfunn til utøving av deira tru eller religion.

§5 Bruksformål

Soknerådet kan blant anna bruke soknerådets kyrkjer til:

Konsertar, utstillingar og anna kyrkjelege kulturelle arrangement som fell inn under formålet i § 1 og ikkje strider mot § 4.

Konsertar

Lokale aktørar: 10% av billettinntekter, minimum kr 3000,-.

Aktørar utanfor kommunen: 15% av billettinntekter, minimum kr 4000,-.

Vigsel

For innbyggjarar busett utanfor kommunen kr 4000,-.

(Gjeld leige av kyrkje, organist og kyrkjetenar).

Innbyggjarar busett utanfor kommunen må også betale for prest kr 3500,- (vert fakturert frå Bjørgvin bispedøme).

Ved utlån til plateopptak

For første dag kr 4000,-.

For evt. Påfølgjande dagar kr 1000,- per dag.

Innkreving

Betaling for leige til arrangement vert fakturert frå Osterøy kyrkjekontor.

Godkjenning av konsertprogram

Program for konserten skal godkjennast av soknerådet i god tid før konserten. Dette kan sendast til følgjande adresse:

post.osteroy@kyrkja.no

Bruk av orgel/flygel må avtalast på forhånd. Ønskje om medverknad frå lokal organist må dette avtalast i god tid, og vert fakturert etter avtale.

Avtale oppmøte/oppstart

Ta kontakt med kyrkjekontoret (56978830) for å avtale evt.

Øvingstider og oppmøte konsert/arrangement. Nøkkel må hentast på kyrkjekontoret i Lonevågen 5, 3. etasje.

Flytting av inventar – restriksjonar

Eventuell flytting av inventar må avtalast på forhånd, og kyrkjetenar må vere til stades.

Parkering

Arrangør er sjølv ansvarleg for å dirigere trafikk og anwise parkeringsplass. Arrangør må ha godt synlege parkeringsvakter på plass minimum 30 minuttar før konsertstart.

OBS! Utrykkingskøyretøy skal alltid kunne komma til ved kyrkjene!